



Haustetidsvurderingar for Nordfjord 23. september 2019

Måndag 23. sept er det teke ut fire kontrollprøvar av Raud Aroma frå litt eldre hagar vurdert som seine og medels seine.

Varmen sist helg, med 21 grader på klimastasjon Loen som toppnotering på Vestlandet, har sett fart i modninga. Fyrst og fremst ser vi dette som auka stivenedbryting (høgare stiveverdiar) samtidig som fruktkjøtet har mjukna (reduisert verdi på fastleik) i prøvane. Yr melder opphaldsver og kring 15 grader på dagtid og nattetemperaturar på 7-8 grader heile denne veka.

Også i seinare hagar må ein nytte godveret utover veka til innhausting av Aroma.

Den raude dekkfargen er godt utvikla, men under haustinga må ein sjekke at grunnfargen er lys gul. Frukt med grøn grunnfarge må hange att til 2. hausterunde, ca ei veke etter 1. hausting.


I hagar med mykje frukt på trea bør små størrelsar også henge att til 2. hausterunde. **Det er god økonomi å få storleiken over 70 mm slik at frukta blir brettapakka i staden for å hamne som posefrukt.**

Raud Aroma					Rettlei.	Til Bama*
Dyrkar	K Strand	E T Rake	M Andenes	B Tystad		
Adresse	Rake	Rake	Vereide	Vereide		
Prøve nr	1	2	3	4		
Klon	Fagravoll	Ylvisåker	Ylvisåker	Fagravoll		
Dato	23.09.2019	23.09.2019	23.09.2019	23.09.2019	Grunnfarge C3 på fargevifte	
Fruktvekt (g)	212	203	194	192	50 % dekkfarge	50 % dekkf.
Avling	3	3	3	3		
Fastleik	6,2	6,1	6,7	6,6	6,5-7,0	min 5,0
Refraktom.	11,1	10,8	10,9	11,5	11,2	min 11,0
Stive	5,8	5,3	4,8	6,5	4,0-6,5	
Streif	0,097	0,106	0,128	0,089	0,07-0,12	

Krav til dekkfarge på Raud Aroma er 50 %. I vanleg Aroma er fargekravet 30 %. Det er generelt god dekkfarge på frukta.



Prøve 1:



Prøve 1 er klon Fagravoll med jamn lys gul grunnfarge utan striper, og godt utvikla dekkfarge. Stivenedbrytinga har gjort eit stort sprang siste veka, verdien har auka frå 3,8 til 5,8. Refraktometerverdien (sukkerinnhald) har auka til 11,1. Fastleik på 6,2 kg/cm² er litt under optimalområdet, men ikkje faretruande lågt ved normal omsetningstid på frukta. Feltet er klart til starthasting.

Prøve 2:





Prøve 2 har utvikla seg jamt framover for alle måleverdiar siste veka. Dekkfargen er god og grunnfargen har lysna. Stivenedbrytinga har hatt normal auke og gitt auka sukkerinnhald. Frukfastleiken har gått ned og tilseier også at haustinga bør starte opp.

Prøve 3:



Prøve 3 har godt utvikla eple med fin fargeutvikling. Stivenedbrytinga har siste veka auka frå 2,7 til 4,8 og gitt auke i sukkerinnhald frå 10,3 til 10,9. Frukfastleiken er komen ned på 6,7 og er i optimalområdet for starthasting.



Prøve 4:



Prøve 4 har hatt størst endringar i målte verdiar siste veka. Stiveverdien har auka frå 3,8 til 6,5 og gitt auke i sukkerinnhald frå 10,7 til 11,5. Fruktfasteik på 6,6 er innanfor optimalområdet, og tilseier at haustinga bør starte opp. Fin fargeutvikling på frukta.

Dette er siste haustetidsvurderinga med uttak av prøvar i Nordfjord denne sesongen.

Helsing
NLR Vest,
Rune Vereide